

RÅDSDIREKTIV 98/41/EF**av 18. juni 1998****om registrering av personar som reiser med passasjerskip til eller frå hamner i medlemsstatane i Fellesskapet(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 84 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Innan ramma av den felles transportpolitikken må det gjerast tilleggstiltak for å betre tryggleiken ved sjøtransport.
- 2) Fellesskapet ser med stor uro på dei sjøulykkene med passasjerskip som har ført til store tap av menneskeliv, særleg ulykkene med «Herald of Free Enterprise» og «Estonia». Personar som nyttar passasjerskip og snøggåande passasjerbåtar innanfor Fellesskapet, har rett til å vente seg og bør kunne rekne med eit tilstrekkeleg tryggleiksnivå og eit føremålstenleg system for opplysningar som kan lette leite- og redningsaksjonar og fremje ei effektiv handtering av etterverknadene av ei eventuell ulykke.
- 3) Det må sikrast at talet på passasjerar om bord på passasjerskip ikkje overstig det talet som skipet og tryggingstyrete om bord er godkjende for. Reiarlaga bør kunne opplyse leite- og redningstenestene om kor mange personar som er innblanda i ei ulykke.
- 4) Det må samlast inn opplysningar om passasjerar og om offiserar og mannskap med sikte på å lette leite- og redningsaksjonar og fremje ei effektiv handtering av etterverknadene av ei ulykke, t.d. når det gjeld identifisering av personar som er innblanda, betre klarleik i juridiske

spørsmål i samband med ulykka og yting av meir føremålstenleg lækjarhjelp til personar som er vortne redda. Med slike opplysningar kan det unngåast at slektningar og andre pårørande uroar seg unaudsynleg for personar som er om bord på passasjerskip som er innblanda i ulykker i farvatn som høyrer inn under ansvarsområdet til medlemsstatane i samsvar med konvensjonen om leiting og redning til sjøs (SAR) av 1979.

- 5) Passasjerane bør difor teljast og registrerast for skipet seglar.
- 6) I kapittel III i Den internasjonale konvensjonen om tryggleik for menneskeliv til sjøs av 1974 (SOLAS-konvensjonen) er det fastsett at alle personar som reiser med passasjerskip i internasjonal fart, skal teljast og registrerast høvesvis frå 1. juli 1997 og 1. januar 1999, medan styresmaktene kan fritta passasjerskip som seglar i skjerma farvatn, frå desse krava og frå registreringsplikta dersom rutetrafikken til desse skipa gjer at det vert uråd for dei å utarbeide slike dokument i praksis. Dette kapitlet i SOLAS-konvensjonen vert ikkje nytta på innanriksfart, og overlèt viktige tolkingsspørsmål til dei ulike medlemsstatane.
- 7) Dette direktivet er i samsvar med den retten som medlemsstatane har til å påleggje passasjerskip som seglar til eller frå hamnene deira, visse krav som er strengare enn dei som er fastsette i SOLAS-konvensjonen.
- 8) Med særleg omsyn til kor viktig persontransport til sjøs er for den indre marknaden, er tiltak på fellesskapsplan det mest effektive middelet for å innføre eit felles minste tryggleiksnivå for skip i heile Fellesskapet.
- 9) Med omsyn til prinsippet om rimeleg samhøve er eit rådsdirektiv eit velegna rettsleg dokument, fordi det gjev medlemsstatane ei ramme for einsarta og obligatorisk bruk av tryggleiksstandardar, samstundes som det gjev kvar einskild medlemsstat rett til å avgjere korleis det best kan innarbeidast i den nasjonale rettsskipnaden deira.
- 10) Ein medlemsstat kan sikre at dei gjeldande tryggleiksreglane vert stetta av passasjerskip som seglar under flagget til medlemsstaten, og av reiarlaga deira. Desse reglane bør ikkje påleggjast skip som seglar mellom hamner i tredjestatar. Slik trafikk er underlagd føresegnene i SOLAS-konvensjonen.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 188, 2.7.1998, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF C 31 av 31.1.1997, s. 5, og TEF C 275 av 11.9.1997, s. 7.

(2) TEF C 206 av 7.7.1997, s. 111.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 29. mai 1997 (TEF C 138 av 16.6.1998, s. 31), felles haldning frå Rådet av 11. desember 1997 (TEF C 23 av 23.1.1998, s. 17) og europaparlamentsavgjerd frå 11. mars 1998 (TEF C 104 av 6.4.1998).

- 11) Det er berre ved å krevje at effektiv etterleving av dei gjeldande reglane skal vere ein føresetnad for bruk av hamnene deira, at medlemsstatane kan sikre ei trygg og effektiv handtering av etterverknader av ulykker for alle passasjerskip som seglar eller ønskjer å segle til hamnene deira, utan omsyn til kva flagg dei seglar under. Det kan ikkje overlatast til flaggstaten åleine å ta avgjerder om fritak for desse reglane, ettersom det berre er hamnestaten som er i stand til å fastsetje krava til best moglege leite- og redningsaksjonar for passasjerskip som seglar til eller frå ei hamn.
- 12) For å harmonisere vernet av tryggleiken og unngå konkurransevriding bør ikkje medlemsstatane, av andre grunnar enn dei som er nemnde i dette direktivet, gje fritak for eller unntak frå dei relevante føresegnene i SOLAS-konvensjonen om opplysningar om passasjerar for reiser til eller frå hamner i Fellesskapet.
- 13) Av praktiske grunnar og for å unngå konkurransevriding må det vedtakast ein einsarta framgangsmåte for å fastsetje kva reiser som bør omfattast av obligatorisk registrering av alle personane om bord. Grensa på 20 nautiske mil er eit resultat av omsynet til allmenne prinsipp og særskilde tilhøve som alle medlemsstatane har godkjent.
- 14) Av særlege driftsmessige årsaker kan teljinga av personar om bord i passasjerskip som kryssar Messinasundet, i eit avgrensa tidsrom gjerast enklare enn ved individuell teljing. Medlemsstatene bør ha høve til å lempe litt på kravet om å melde frå til land om kor mange personar det finst om bord i passasjerskip som berre seglar i rutetraffikk i korte tidsrom i skjerma havområde slik det er definert i dette direktivet. Passasjerskip som berre seglar i skjerma havområde, utgjer ein mindre fare, og bør difor kunne gjevast fritak. Dersom det i visse høve er svært vanskeleg for reiarlaga å registrere personar om bord, kan det under særlege omstende og på godt definerte vilkår gjevast unntak frå registreringsplikta.
- 15) Innsamlinga og handsaminga av opplysningar om namngjevne personar må gjerast i samsvar med dei prinsippa om datavern som er fastsette i direktiv 95/46/EF⁽¹⁾. Personane bør på innsamlingstidspunktet særleg informerast fullt ut om kva opplysningane skal nyttast til, og om at dei skal lagrast berre i eit svært kort tidsrom som ikkje i noko tilfelle bør vere lengre enn det som er naudsynt for føremåla med dette direktivet.
- 16) Kommissjonen må få hjelp med den faktiske gjennomføringa av dette direktivet av eit utval som er samansett av representantar frå medlemsstatane. Det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 12 i direktiv 93/75/EØF⁽²⁾, kan ta på seg denne oppgåva.
- 17) For å ta omsyn til framtidige endringar i SOLAS-konvensjonen som vil ta til å gjelde, kan visse føsegner i dette direktivet tilpassast av dette utvalet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremålet med dette direktivet er å betre tryggleiken og sjansane til å redde passasjerar og offiserar og mannskap som er om bord i passasjerskip på veg til eller frå hamner i medlemsstatar i Fellesskapet, og sikre ei meir effektiv gjennomføring av leite- og redningsaksjonar og ei meir effektiv handtering av etterverknadene av ei eventuell ulykke.

Artikkel 2

I dette direktivet tyder

- «personar» alle personar som er om bord, utan omsyn til alderen deira,
- «passasjerskip» eit sjøgående skip eller ein sjøgående snøggbåt som fraktar meir enn tolv passasjerar,
- «snøggbåt» ein snøggbåt slik det er definert i kapittel X regel 1 i SOLAS-konvensjonen av 1974, slik han gjeld på det tidspunktet då dette direktivet vart vedteke,
- «reiarlag» eigaren av eit passasjerskip, eller eit anna foretak eller ein annan person, t.d. den driftsansvarlege eller totalfraktaren, som eigaren har overlata ansvaret til for drifta av passasjerskipet,
- «ISM-norm» Den internasjonale norma for tryggleiksstyring for drift av skip og hindring av ureining, vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) ved IMO-resolusjon A.741 (18) under forsamlinga 4. november 1993,
- «representant som er ansvarleg for registrering av passasjerar» den personen på land som eit reiarlag har peika ut til å vere ansvarleg for at dei pliktene som følgjer av ISM-norma, vert stetta, eller ein annan person på land som eit reiarlag har peika ut til å vere ansvarleg for forvaringa av opplysningar om personar som er om bord i passasjerskip som tilhøyrer reiarlaget,
- «utpeikt styresmakt» den rette styresmakta i medlemsstaten, som er ansvarleg for leite- og redningsaksjonar, eller som har til oppgåve å ta seg av etterverknadene av ei ulykke,
- «nautisk mil» 1852 meter,
- «skjerma havområde» havområde som er verna mot verknadene av det opne havet, der eit skip aldri er meir enn seks nautiske mil frå ein tilfluktsstad der skipbrotne personar kan gå i land, og der det finst leite- og redningsutstyr i nærleiken,

⁽¹⁾ TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31.

⁽²⁾ TEF L 247 av 5.10.1993, s. 19.

- «rutetrafikk» ei rekkje overfartar som sikrar sambandet mellom dei same to hamnene eller mellom fleire hamner, anten
 - a) i samsvar med ein offentleggjord seglingsplan, eller
 - b) med så regelmessige og hyppige overfartar at dei har ei planfast og attkjenneleg rekkjefølge,
- «tredjestat» ein stat som ikkje er ein medlemsstat.

Artikkel 3

Dette direktivet skal nyttast på passasjerskip, bortsett frå

- krigsskip og troppe transportskip, og
- lystfartøy, med mindre dei har eller vil få offiserar og mannskap og frakte meir enn tolv passasjerar for kommersielle føremål.

Artikkel 4

1. Alle personar om bord på passasjerskip som seglar frå ei hamn i ein medlemsstat, skal teljast for passasjerskipet seglar.
2. Før passasjerskipet seglar, skal talet på personar om bord sendast over til skipsføraren om bord på det nemnde passasjerskipet og til den representanten som reiarlaget har peika ut som ansvarleg for registrering av passasjerar, eller til eit system som reiarlaget har installert på land, og som har den same funksjonen.

Artikkel 5

1. Følgjande opplysningar skal registrerast for alle passasjerskip som seglar frå ei hamn i ein medlemsstat, og som gjer ei reise på minst 20 nautiske mil frå avgangsstaden:
 - etternamnet til personane om bord,
 - førenamn eller førebokstav(ar) i førenamn,
 - kjønn,
 - opplysning om kva aldersgruppe den einskilde tilhøyrer, (vaksen, barn eller spedbarn), eller om alder eller fødselsår,
 - dersom ein passasjer ønskjer det, opplysningar om han/ho treng særleg tilsyn eller hjelp i ein naudssituasjon.
2. Desse opplysningane skal samlast inn før avreise til passasjerskipet, og seinast 30 minuttar etter avreise, og sendast over til den representanten som reiarlaget har peika ut som ansvarleg for registrering av passasjerar, eller til eit system som reiarlaget har installert på land, og som har den same funksjonen.

Artikkel 6

1. Kvar medlemsstat skal, for alle passasjerskip som seglar under deira flagg, og som seglar frå ei hamn utanfor Fællesskapet til ei hamn i Fællesskapet, krevje at reiarlaget syter for å skaffe dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 og artikkel 5 nr. 1, slik det er fastsett i artikkel 4 nr. 2 og artikkel 5 nr. 2.
2. Kvar medlemsstat skal, for alle passasjerskip som seglar under flagget til ein tredjestat, og som seglar frå ei hamn utanfor Fællesskapet til ei hamn i Fællesskapet, krevje at reiarlaget syter for at dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 og artikkel 5 nr. 1, vert samla inn og forvara på ein slik måte at dei er tilgjengelege for den utpeikte styresmakta når dei trengst til leite- og redningsføremål og i samband med etterverknadene av ei ulykke.
3. Når ein medlemsstat i samsvar med dei relevante føresegnene i SOLAS-konvensjonen gjev eit skip som seglar under flagget til denne medlemsstaten, og som kjem til hamner i Fællesskapet frå hamner utanfor Fællesskapet, unntak frå eller fritak for plikta til å gje opplysningar om passasjerar, må dette berre gjerast i samsvar med dei vilkåra for fritak eller unntak som er fastsette i dette direktivet.

Artikkel 7

Før eit passasjerskip seglar frå ei hamn i ein medlemsstat, skal skipsføraren forsikre seg om at talet på personar om bord, ikkje overstig det talet som skipet har løyve til å frakte.

Artikkel 8

Dersom artikkel 4 og 5 krev det, skal alle reiarlag som har ansvaret for drift av passasjerskip

- innføre eit system for registrering av passasjeropplysningar. Dette systemet skal stette dei kriteria som er fastsette i artikkel 11,
- peike ut ein representant som skal vere ansvarleg for registreringa av passasjerar, for forvaringa av desse opplysningane og for overføringa av dei ved eventuelle naudssituasjonar eller etter ei ulykke.

Reiarlaget skal syte for at dei opplysningane som krevst ved dette direktivet, alltid er lett tilgjengelege for overføring til den utpeikte styresmakta for leite- og redningsføremål ved eventuelle naudssituasjonar eller i tida etter ei ulykke.

Personopplysningar som er samla inn i samsvar med føresegnene i artikkel 5, skal ikkje forvarast lenger enn det som er naudsynt for føremåla med dette direktivet.

Reiarlaget skal syte for at opplysningar om personar som har opplyst om at dei treng særleg tilsyn eller hjelp i naudssituasjonar, vert forvara på ein forsvarleg måte og sende over til kapteinen for passasjerskipet seglar.

Artikkel 9

1. Den medlemsstaten som eit passasjerskip seglar frå, kan redusere den grensa på 20 nautiske mil som er fastsett i artikkel 5.

Alle avgjerder om å redusere denne grensa for reiser mellom to hamner i ulike medlemsstatar, skal takast av begge medlemsstatane i fællesskap.

2. a) For gjennomføringa av artikkel 4 nr. 1 kan Republikken Italia, når særlege driftsmessige årsaker gjer det uråd å telje personar individuelt, for rutetrafikk over Messinasundet vedta føresegner om at det høgste tillatne passasjertalet om bord på passasjerskip som fraktar jarnbanepassasjervogner og veggåande køyretøy, skal fastsetjast på grunnlag av det høgste tillatne passasjertalet i jarnbanevogner og andre køyretøy som er om bord på skipet. Bruken av denne føresegna er avgrensa til eit tidsrom på fire år. Ei eventuell lenging skal i samsvar med nr. 3 avgjerast i lys av dei røynslene som vert gjorde.

b) Ein medlemsstat kan gje passasjerskip som seglar frå ei av hamnene i denne staten, og som berre seglar i rutetrafikk i skjerma havområde med ei overfartstid på høgst ein time mellom rutestoppa, fritak for den plikta som er fastsett i artikkel 4 nr. 2, til å sende over talet på personar om bord, til den representanten som er ansvarleg for registrering av passasjerar, eller til eit system som reiarlaget har installert på land, og som har den same funksjonen.

c) Ein medlemsstat kan gje passasjerskip som berre seglar i skjerma havområde mellom to hamner eller frå og til den same hamna utan andre rutestopp, fritak for dei pliktene som er fastsette i artikkel 5.

3. I dei tilfella som er nemnde i nr. 2, skal denne framgangsmåten nyttast:

a) medlemsstaten skal straks melde frå til Kommissjonen om avgjerda si om å gje fritak for eller unntak frå dei relevante føresegnene i artikkel 4 og 5, og grunngje avgjerda utforleg,

b) dersom Kommissjonen innan seks månader etter at denne meldinga er gjeven, meiner at det ikkje er grunn til å nytte denne avgjerda, eller at ho kan få skadeverknader på konkurransen, kan han i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 1, krevje at medlemsstaten endrar eller kallar tilbake avgjerda si.

4. For rutetrafikk i eit område der det for heile året er mindre enn 10 % sannsynleg at bølgene vert over to meter høge, og

— når reiselengda ikkje er over om lag 30 nautiske mil rekna frå avgangsstaden, eller

— når det viktigaste føremålet med ruta er å skape eit regelmessig trafikk samband til fjerntliggjande samfunn for faste brukarar,

kan ein medlemsstat der ei hamn vert nytta av passasjerskip til innanriksfart, eller to medlemsstatar som har hamner der det går passasjerskip imellom, søkje Kommissjonen om heilt eller delvis unntak frå dette kravet dersom dei meiner at det er uråd for reiarlaga å registrere dei opplysningane som er nemnde i artikkel 5 nr. 1.

For dette føremålet må det provast at denne registreringa er uråd i praksis. Vidare må det provast at det i området der desse skipa seglar, finst eit landbasert system for navigasjonsrettleiing, at det vert sendt ut pålitelege vêrvarsel og at tilstrekkeleg med leite- og redningsutstyr finst tilgjengeleg. Unntak som er gjorde i medhald av dette nummeret, må ikkje ha skadeverknad på konkurransen.

Ei avgjerd skal takast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 13.

5. Ein medlemsstat kan ikkje, i medhald av føresegnene i dette direktivet, gje fritak eller unntak til noko passasjerskip som seglar frå hamnene deira og under flagget til ein tredjestat som er part i SOLAS-konvensjonen, og som i samsvar med dei relevante SOLAS-føresegnene ikkje er samd i bruken av slike fritak.

Artikkel 10

Dei registreringssystema som vert skipa i medhald av artikkel 8, skal godkjennast av medlemsstatane.

Medlemsstatane skal minst utføre stikkprøver for å kontrollere at dei registreringssystema som er skipa på territoriet deira i medhald av dette direktivet, verkar tilfredsstillande.

Kvar medlemsstat skal peike ut den styresmakta som skal få oversendt dei opplysningane som krevst ved dette direktivet, frå dei reiarlaga som er nemnde i artikkel 8.

Artikkel 11

1. For føremåla med dette direktivet må registreringssystema sette følgjande funksjonskriterium:

i) *Lettlest format:*

Dei opplysningane som krevst, må ha eit format som er lett leseleg.

ii) *Tilgjenge:*

Dei opplysningane som krevst, må vere lett tilgjengelege for dei utpeikte styresmaktene som har bruk for dei.

iii) *Føremålsnytte:*

Systemet må vere utforma på ein slik måte at det ikkje fører til unautsynlege seinkingar for passasjerane i samband med ombordstiging og/eller landgang.

iv) *Tryggleik:*

Opplysningane må tryggjast på ein høveleg måte mot tilfeldig eller ulovleg øydelegging eller mot tap, og mot all endring, utlevering eller tilgang som det ikkje er gjeve løyve til.

2. Fleire system på same ruta eller på liknande ruter bør unngåast.

Artikkel 12

For føremåla med dette direktivet, og utan å utvide verkeområdet som det har, kan dette direktivet endrast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 13, for å sikre bruken av seinare endringar av SOLAS-konvensjonen som gjeld registreringssystem, og som har teke til å gjelde etter at dette direktivet vart vedteke, utan at det rører ved framgangsmåtane for endring av SOLAS-konvensjonen.

Artikkel 13

Kommisjonen skal få hjelp av det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 12 nr. 1 i direktiv 93/75/EØF. Utvalet skal arbeide i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i nr. 2 og 3 i den førnemnde artikkelen.

Artikkel 14

Medlemsstatane skal skipe ei sanksjonsordning for brot på dei nasjonale føresegnene som er vedtekne på grunnlag av dette direktivet, og gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at

desse sanksjonane vert nytta. Desse sanksjonane skal vere effektive, i rimelig samhøve med brotet og avskrekkande.

Artikkel 15

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. januar 1999. De skal straks melde frå til Kommisjonen om dette. Artikkel 5 skal nyttast seinast frå 1. januar 2000.

2. Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

3. Medlemsstatane skal straks sende Kommisjonen teksta til alle dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar. Kommisjonen skal straks melde frå til dei andre medlemsstatane om dette.

Artikkel 16

Dette direktivet tek til å gjelde tjuande dagen etter at det er kunngjort.

Artikkel 17

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Luxembourg, 18. juni 1998.

For Rådet

G. STRANG

Formann